**Notat om avvik og lukking av avvik etter tilsyn av fylkesmannen, Ostereidet ungdomsskule.**

Fylkesmannen har gjennomført tilsyn på 3 område:

- Elevane sitt utbyte av opplæringa
- Skulebasert vurdering
- Forvaltningskompetanse

**Funn**

Fylkesmannen konkluderer med at det er avvik på visse område. Dette gjeld:

| **Område** | **Avvik** | **tiltak** | **ansvar** | **frist** |
|---|---|---|---|---|
| **Elevane sitt utbyte…** Skulen sitt arbeid med opplæring i fag | Det er ikkje dokumentert at innhaldet i IOP samsvarer med enkeltvedtaket når det gjeld innhaldet i opplæringa. | Avviket er lukka ved bruk av eksisterande malar neste gong einskildvedtak/ IOP vert skrivne | Rektor | Frå d.d. |
| | Eventuelle avvik frå LK06 er heller ikkje synleggjort. | Avviket er lukka ved at avvik frå LK06 vil bli ført inn i einskildvedtaket og IOP. Kontroll av eksisterande vedtak i desember, og ev skrive nye vedtak | Rektor | 15.01.17 |
| Undervegsvurdering for å auke eleven sitt læringsutbytte | Det er ikkje dokumentert at lærarane sørgjer for at elevane kjenner til kva som kjenneteiknar ulik grad av kompetanse, og kva det det blir lagt vekt på i vurderinga i faget. | Avviket vil verte lukka i prosess saman med lærarane; revisjon av halvårsplanar i fag for vår -17 samt arbeid for å sikre at alle lærarar synleggjer kva som kjenneteiknar ulik grad av kompetanse opp mot mål/tema/vurderingar. Rektor etterspør praksis ved å sjå døme frå alle lærarane og vil i tillegg gjennomføre stikkprøvar | Rektor / personalet | 01.03.17 |
| Undervegsvurdering | Det er ikkje godtgjort at skulen har rutinar som sikrar at det i halvårsvurderinga blir gjeve informasjon til alle elevane om elevane sin kompetanse i faga og rettleiing om korleis elevane kan auke kompetansen sin. | Avviket vert lukka i samband med halvårsvurderinga januar 2017; Her vil alle elevane få ein elevsamtale der lærar orienterer om eleven sin kompetanse i alla faga og korleis eleven kan auke kompetansen | Rektor/ personalet | 20.01.17 |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| **Forvaltning**<br><br>Generelle saksbehandlingsreglar for enkeltvedtak | 1. Lindås kommune må syte for at saksbehandlinga ved Ostereidet ungdomsskule oppfyller krava i forvaltningslova til førehandsvarsel, jf. forvaltningslova § 16. Lindås kommune må i samband med dette sjå til at:<br><br>a. Skulen varslar elevar som er 15 år før det blir gjort enkeltvedtak om avvik frå det ordinære opplæringstilbodet.<br><br>b. Førehandsvarslet gjer greie for kva saka gjeld.<br><br>2. Lindås kommune må syte for at saksbehandlinga ved Ostereidet ungdomsskule oppfyller krava til enkeltvedtak i forvaltningslova, jf. forvaltningslova §§ 25 og 27. Lindås kommune må i samband med dette sjå til at:<br><br>a. Enkeltvedtaket inneheld informasjon om<br>- heimelen for enkeltvedtaket<br>- faktiske forhold som er lagde til grunn | -skulen varslar elevar som er 15 år eller meir i separat sending<br><br>Lindås kommune har utarbeidd skriftleg mal for førehandsvarsel, og denne skal nyttast i framtidige saker. Malen stettar formalkrav etter lova.<br><br>Gjeldande mal for enkeltvedtak inneheld formalkrava. Denne malen skal nyttast i framtidige saker.<br><br>Einskildvedtak om særskild språkopplæring skal innehalde: Heimel §2-8, 5. ledd<br>Ordlyd om faktiske forhold og testresultat | Rektor<br><br>Kommunal-sjef<br><br>Rektor<br><br>Rektor | Frå d.d. |
| **Enkeltvedtak om spesialundervisning** | 3. Lindås kommune må syte for at Ostereidet ungdomsskule skule ved behov for spesialundervisning oppfyller opplæringslova §§ 5-3 og 5-4, jf. forvaltningslova § 2 og kapittel IV og V.<br><br>Lindås kommune må i samband med dette sjå til at:<br>a. Skulen gjev eleven/foreldra høve til å uttale seg om innhaldet i den sakkunnige vurderinga før enkeltvedtaket blir gjort.<br><br>b. Enkeltvedtak om spesialundervisning inneheld grunngjeving for eventuelle avvik frå den sakkunnige vurderinga. | Skulen informerer foreldra om retten dei har til å uttale seg om innhaldet i sakkunnig vurdering før einskildvedtaket og PPT skriv dette inn i nye sakkunnige vurderingar inkl. frist for uttale<br><br>Skulen grunngjev avvik frå den sakkunnige tilrådinga | Rektor | 01.01.17/ 28.06.17<br><br>Frå d.d. |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| | c. Enkeltvedtaket inneheld opplysningar om - tal på timar med spesialundervisning - fag/område og om eventuelle avvik frå LK06 i spesialundervisninga - organisering av spesialundervisninga | Dette er med i kommunal mal for spesialundervisning, som skal nyttast ved neste høve | Rektor | |
| **Enkeltvedtak om særskild språkopplæring** | **Enkeltvedtak om særskild språkopplæring**<br>4. Lindås kommune må syte for at Ostereidet ungdomsskule skule ved behov for og stans av behov for særskild språkopplæring oppfyller forvaltningslova § 2 og kapittel IV og V og opplæringslova § 2-8. Lindås kommune må i samband med dette sjå til at:<br><br>a. Enkeltvedtaket inneheld opplysningar om - tal på timar med særskild språkkopplæring - kva for ein læreplan eleven skal følgje - organisering av den særskilde språkopplæringa | Dette er innarbeidd i kommunal mal for enkeltvedtak om særskild språkopplæring.<br><br>Denne skal nyttast ved neste høve. | Rektor | Frå d.d. |
| **Inkurie** | Manglande sakkunnig vurdering for elev spesialundervisning | Sakkunnig vurdering er sendt til fylkesmannen | rektor | 07.12.16 |

Ostereidet, 05.12.16

Med helsing

Arne Riisnes